

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA



FORVALTNINGSREVISJON

GISKE KOMMUNE

Offentlege anskaffingar

JANUAR 2024

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Møre og Romsdal Revisjon SA er eit samvirkeforetak eigd av kommunane Aure, Averøy, Kristiansund, Rindal, Smøla, Surnadal, Tingvoll, Aukra, Hustadvika, Gjemnes, Molde, Rauma, Sunndal, Vestnes, Fjord, Giske, Sula, Stranda, Sykkylven, Haram, og Ålesund samt Møre og Romsdal fylkeskommune. Selskapet utfører regnskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og andre revisjonstenester for eigarane. Hovudkontoret ligg i Kristiansund og det er avdelingskontor i Ålesund, Molde og Surnadal.

Tidlegare rapportar frå Møre og Romsdal Revisjon SA ligg på heimesida vår:

www.mrrevisjon.no

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

FORORD

Møre og Romsdal Revisjon SA har utført denne forvaltningsrevisjonen etter vedtatt bestilling frå kontrollutvalet i Giske kommune.

Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med god revisjonsskikk og Norges Kommunerevisorforbund sin standard for forvaltningsrevisjon RSK 001.

Rapporten er ei oppsummering av resultatata frå Møre og Romsdal Revisjon SA si undersøking om offentlege anskaffingar i Giske kommune. Revisjonen er utført av Ola Godø Andersen og Ingrid Walstad Larsen i perioden april til oktober 2023.

Vi ønsker å takke alle som har bidrege til denne forvaltningsrevisjonen.

Ålesund, 24.01.2024

Ingrid Walstad Larsen
Oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor

Ola Godø Andersen
Forvaltningsrevisor

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

SAMANDRAG

Denne forvaltningsrevisjonen omhandlar offentlege innkjøp og anskaffingar i Giske kommune, og er utført etter bestilling frå kontrollutvalet. Føremålet med forvaltningsrevisjonen er å undersøke om Giske kommune føretekk innkjøp og anskaffingar i tråd med reglane for anskaffingar og dei rammeavtalane som er inngått for innkjøp i kommunen.

PROBLEMSTILLINGAR

Temaet offentlege innkjøp og anskaffingar blir klargjort gjennom følgjande problemstillingar:

1. Har Giske kommune sett i verk tiltak for å sikre at regelverket for offentlege anskaffingar blir følgt?
2. Blir varer og tenester kjøpt inn i samsvar med lov og regelverk på området?
3. Nyttar Giske kommune seg av dei inngåtte rammeavtalane på ein korrekt måte?

METODE

Vi har samla inn både munnleg og skrifteleg informasjon frå Giske kommune. Vi har også innhenta dokumentasjon frå kommunen om kva system, rutinar og retningslinjer som er etablert for å ivareta lov- og forskriftskrav for innkjøp og anskaffingar. Vi har i tillegg henta dokumentasjon frå nettportalen www.doffin.no, kor alle offentlege anskaffingar over nasjonal terskelverdi skal kunngjerast. Det er gjennomført spørjeundersøking blant tilsette med bestiller-/innkjøpsansvar. Der har ein stilt spørsmål knytt til fullmakter, opplæring og kurs i regelverk, samt etterleving av innkjøp og anskaffingsreglane. Faktaopplysingane vi har samla inn er vurdert opp mot dei valde revisjonskriteria. Etter vår meining er datamaterialet som er samla inn og brukt i rapporten pålitelege og gyldig, og gir eit korrekt bilde av situasjonen. Ut frå vår vurdering gir dette eit forsvarleg grunnlag for våre konklusjonar og anbefalingar.

KONKLUSJONAR

Generelt er det ein stor risiko for å gjere feil når det kjem til gjennomføring av offentlege anskaffingar. Det er difor viktig at dei blir utført i tråd med lov- og forskriftskrav samt kommunen sitt interne regelverk på området. Reglane for anskaffingar er omfattande og til

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

dels kompliserte. Det krev at alle som gjer innkjøp og anskaffingar i kommunen har nødvendig kunnskap om dei reglane som gjeld til ei kvar tid. Dette for å sikre at dei grunnleggjande krava som blir stilt i regelverket blir oppfylt, uansett kva innkjøp eller anskaffing kommunen føretek. Det er også sentralt at dei rammeavtalane som er inngått for kommunen blir nytta ved driftsinnkjøp, noko som gir stordriftsfordelar og enklare kjøpsprosess.

Giske kommune gjer mykje bra når det kjem til gjennomføring av konkurranse. Administrasjonen gir uttrykk for openheit for kor svakheitene ligg, noko vi meiner er positivt. Dei data vi har henta inn viser at det er nokon forbetringspotensial når det kjem overordna strategi, opplæring og kompetanse, og protokoll og skatteattest, samd bruk av rammeavtalane.

Våre undersøkingar viser følgjande om Giske kommune:

Har Giske kommune sett i verk tiltak for å sikre at regelverket for offentlege anskaffingar blir følgt?

Våre konklusjonar er at det er nokre manglar på innkjøpsområdet når det gjeld internkontrollsystemet. Vi meiner at kommunen bør utarbeide eit eige strategidokument for innkjøp, samt utarbeide ei tydeleg fordeling av ansvar og oppgåver. Når det gjeld fullmakter med presisering av innhald og avgrensingar inkludert beløpsgrenser, viser undersøkinga at kommunen bør tydeleggjere desse fullmaktene ovanfor dei som gjer innkjøp. Dette kan ein til dømes handtere ved at økonomireglementet har eit prinsipp om den leiar som har tilvisingsmynde avgjer kven som har rett til å gjere bestillingar, og at denne avgjersla blir skriftleggjort og sendt over til den som har en funksjon som overordna innkjøpsansvarleg i kommunen.

Blir varer og tenester kjøpt inn i samsvar med lov og regelverk på området?

Vi konkluderer at det vert utarbeidd protokollar som dokumenterer at anskaffingsprosessen er gjennomført ved konkurranse, også for relativt lave beløp. Vi ser like fullt at sjølv innanfor same avdeling i kommunen vert det nytta forskjellige malar og måtar å dokumentere prosessen på, som kan tyde på at kommunen ikkje har eitt eins sett med rutinar og malar for denne typen dokumentasjon. Vi konkluderer med at kommunen kunngjer anskaffingar på Doffin.no. Vi meiner det vil vere sentralt for betring av kommunen sin internkontroll og høve til innsyn, at kommunen ser til at all dokumentasjon blir innhenta, kvalitetssikra og arkivert i tråd med kommunelova (25-1) og KS sin rettleiar om internkontroll (2020).

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

Vi konkluderer med at Giske kommune ikkje innhentar skatteattest ved anskaffing i samsvar med forskrift om offentlege anskaffingar. Ifølge evalueringsskjemaet for ei anskaffing på helse- og omsorgsfeltet vart skatteattestar henta inn for alle tilbydarar, medan vi ikkje kan sjå å ha mottatt slike for dei fleste anskaffingane i teknisk sektor.

Nyttar Giske kommune seg av dei inngåtte rammeavtalane på ein korrekt måte?

Vi konkluderer med at Giske kommune har ein oppdatert oversikt over inngåtte rammeavtalar gjennom innkjøpsamarbeidet i Ålesund kommune, men at disse ikkje er fullt ut kjend for dei tilsette. Med bakgrunn i opplysningar frå kommunen, vurderer vi det også som at det finns område der det mogleg burde ha vore inngått rammeavtalar. Vi meiner at kommunen bør gjere ein gjennomgang av alle serviceavtalane og vurdere om det kan vere tenleg å la desse anskaffingane vere omfatta av rammeavtalar. Giske kommune skal bruke dei rammeavtalane som til ei kvar tid gjeld, men at det her finns forbetring. Vår gjennomgang vis at det blir handla inn varer og tenester gjennom rammeavtalane, men at det også er store beløp som blir handla inn utanom rammeavtalar. Kommunen nyttar som hovudregel e-handel der dette er tilrettelagt, men fleire av dei tilsette svarar at dei ikkje har fått opplæring i e-handel. Dei rundt 40% som ikkje nyttar e-handel oppgjer mangel på kunnskap og kompliserte system som hovudårsakar. Det kjem vidare fram at opplæring, bevisstgjerung og krav frå leiar ville fått fleire til å nytte e-handel. Vi meiner dette er nyttige tilbakemeldingar kommunen kan bruke i sitt forbetringsarbeid når det kjem til å nytte e-handel.

TILRÅDINGAR

Med bakgrunn i våre funn og vurderingar, vil vi rå til at Giske kommune vurderer å:

- Utarbeide eit eige strategidokument for innkjøp med:
 - Tydeleg fordeling av ansvar og oppgåver.
 - Skriftlege fullmakter med presisering av innhald og avgrensingar, inkludert beløpsgrenser.
 - Vurdere å inkludere korleis kommunen skal handtere berekraftsomsyn i anskaffingar i eit slikt strategidokument.
- Sikre kompetanse og opplæring for dei som har roller og ansvar for anskaffingar i kommunen.
- Gje opplæring i e-handel til dei som skal nytte dette.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

- Kartlegge om det skal etablerast rammeavtalar på områdar med regelmessige innkjøp.
- Gjere ein gjennomgang av alle serviceavtalane og vurdere om det kan vere tenleg å la desse anskaffingane vere omfatta av rammeavtalar.
- Sikre at det blir krevd skatteattest frå vald norsk leverandør ved anskaffingar som overstig kr 500 000.
- Sikre at lik mal for protokoll blir brukt i heile kommunen.

Vi vil tilrå at kommunen gjere ein gjennomgang av innkjøp av handverkstenestene og sørgje for at alle dei vesentlege tenestetypene blir dekt opp med rammeavtalar, og at det blir utvikla eit system for å registrere og handtere avrop på desse rammeavtalane.

Det ligg ikkje til kommunerevisjonen å gjere konkrete vurderingar med omsyn til kva for ressursbruk som er tenleg innanfor ulike område eller funksjonar. Vi vil likevel til slutt peike på at det er ein risiko for gebyr og erstatningsansvar, om ikkje kommunen sett av nok ressursar til ei overordna oppfølging og kontroll med innkjøp.

MRR

Møre og Romsdal Revisjon SA

INNHALD

1.	INNLEIING.....	1
1.1.	Bakgrunn og bestilling.....	1
1.2.	Føremål, problemstilling og avgrensing.....	1
1.3.	Definisjonar av omgrep brukt i rapporten	2
1.4.	Kjelder til revisjonskriteria	4
1.5.	Metode.....	4
1.6.	Oversikt over terskelverdiar.....	6
2.	TILTAK FOR Å ETTERLEVE REGELVERK	8
2.1.	Problemstilling.....	8
2.2.	Revisjonskriteria	8
2.3.	Funn.....	8
2.4.	Vurdering.....	12
3.	ETTERLEVING AV ANSKAFFINGSREGLANE	14
3.1.	Problemstilling.....	14
3.2.	Revisjonskriteria	14
3.3.	Funn.....	14
3.4.	Vurdering.....	22
4.	BRUKEN AV RAMMEAVTALAR	24
4.1.	Problemstilling.....	24
4.2.	Revisjonskriteriar.....	24
4.3.	Funn.....	24
4.4.	Vurdering frå revisor	27
5.	KONKLUSJON OG ANBEFALINGAR	29
5.1.	Konklusjon problemstilling 1.....	29
5.2.	Konklusjon problemstilling 2.....	29
5.3.	Konklusjon problemstilling 3.....	30
5.4.	Tilrådingar.....	31
	LITTERATURLISTE.....	32
	VEDLEGG 1: HØYRINGSUTTALE	33
	VEDLEGG 2: UTGREIING AV REVISJONSKRITERIA.....	34
	VEDLEGG 3: SPØRSMÅL I SPØRJEUNDERSØKINGA	40
	VEDLEGG 4: OVERSIKT OVER TERSKELVERDIAR.....	41
	VEDLEGG 5: OVERSIKT OVER INNGÅTTE RAMMEAVTALAR.....	43

1. INNLEIING

1.1. BAKGRUNN OG BESTILLING

Kontrollutvalet bestilte forvaltningsrevisjon om offentlege innkjøp i sitt møte 08.02.23. Bakgrunnen for bestillinga er plan for forvaltningsrevisjon og tilråding frå kontrollutvalet i sak PS 04/23.

Innkjøp av varer, tenester og bruttoinvesteringar til kommunesektoren svarer til om lag 40 prosent av den samla bruken av ressursar i kommunesektoren. Innkjøp er slik ein særskilt viktig funksjon i kommunesektoren, og heilt avgjerande for at kommunane skal kunne løyse oppgåvene sine på ein god måte (Nærings- og handelsdepartementet, 2021 s.4).

Det er ein generell stor risiko for å gjere feil i samband med gjennomføring av offentlege innkjøp. Det er derfor viktig at slike innkjøp blir gjennomført i tråd med krav i lov og forskrift, og kommunen sitt interne regelverk på området. Reglane for anskaffingar er omfattande og til dels kompliserte, og krev at alle som gjer innkjøp og anskaffingar i kommunen har nødvendig kunnskap om dei reglar som til ein kvar tid gjeld. Dette for å sikre at dei grunnleggande krava i regelverket blir lagt til grunn uansett kva slags innkjøp eller anskaffing kommunen skal foreta. Det er også av stor betydning at dei rammeavtalane som er inngått for kommunen blir nytta ved driftsinnkjøp, noko som gir stordriftsfordelar og fører til enklare gjennomføring av kjøpa.

1.2. FØREMÅL, PROBLEMSTILLING OG AVGRENŚING

Hovudføremålet med denne forvaltningsrevisjonen vil vere å undersøkje om Giske kommune føretek offentlege anskaffingar¹ i tråd med regelverk og rutinar på området.

Med utgangspunkt i bestillinga frå kontrollutvalet og prosjektplan som ble vedtatt av kontrollutvalet i møte 08.02.23 (sak PS 04/23) skal følgjande problemstillingar svarast ut:

1. Har Giske kommune sett i verk tiltak for å sikre at regelverket for offentlege anskaffingar blir følgt?

Her vil vi sjå på kommunens skriftlege dokument, opplæring blant tilsette og kva slags kontrolltiltak som er sett i verk.

¹ Anskaffingar er aktivitet med sikte på å dekke eit behov for varer, tenester eller bygg og anleggsarbeid.

2. Blir varer og tenester kjøpt inn i samsvar med lov og regelverk på området?

Under denne problemstillinga vil vi sjå på om anskaffingar som er gjort i 2021 og 2022 er utsett for konkurranse, at dei er kunngjort på Doffin, om skatteattest er innhenta, og at det er skreve protokoll for anskaffingar.

3. Nyttar Giske kommune seg av dei inngåtte rammeavtalane på ein korrekt måte?

Her vil vi sjå på inngåtte rammeavtalar, bruken av desse, og innkjøp gjennom systemet elektronisk handel (heretter kalla e-handel).

Forvaltningsrevisjonen vil vurdere kommunen og dei tilsette si etterfølging av lov, forskrift og rammeavtalar, og system og rutinar knytt til driftsanskaffingar og mindre investeringsprosjekt. Prosjektet er avgrensa til å vurdere kommunen sine system og rutinar knytt til innkjøp og anskaffingar som er gjort i løpet av 2021 og 2022. Vår gjennomgang omfattar derfor ikkje alle anskaffingar som er gjort med alle føregåande prosessar.

Det vart gjennomført eit faktasjekkmøte 11.01.2024, og rapporten har vore på høyring i Giske kommune. Heile høyringssvaret er lagt ved i rapporten som vedlegg 1.

1.3. DEFINISJONAR AV OMGREP BRUKT I RAPPORTEN

Oversikt over og forklaring av dei viktigaste omgrepa som vi nyttar i rapporten:

Innkjøp: Aktivitet med sikte på å dekkje eit behov for levering av varar, utførsle av en teneste eller utførsle av bygg- og anleggsarbeidar.

Anskaffing: Aktivitet med sikte på å dekkje eit behov for varar, tenester eller bygg- og anleggsarbeid.

Terskelverdi: Terskelverdi er ei beløpsgrense som angir kva slags del av forskrifta (FOA) som kjem til bruk for ei anskaffing som skal kunngjerast. Det er den verdien som er anslått for kvar anskaffing, som kan bestå av fleire delkontraktar, inklusive opsjonar som skal medreknast.

DOFFIN: Database for offentlege innkjøp. Det er den norske offisielle databasen for det som skal kunngjerast.

TED-database: Tenders Electronic Daily (TED). Den europeiske offisielle databasen for kunngjeringar.

Kontrakt: Ein gjensidig forpliktande avtale som ein eller fleire oppdragsgjevarar inngår skifteleg med ein eller fleire leverandørar.

Rammeavtale: Ein avtale som ein eller fleire oppdragsgjevarar inngår med ein eller fleire leverandørar, og som har som føremål om å fastsette kontraktsvilkår for dei kontraktar som oppdragsgjevaren skal inngå i løpet av ein bestemt periode, særleg om pris og mengde.

Ulovleg direkte anskaffing: Anskaffing som oppdragsgjevar har gjennomført i strid med kunngjeringsplikten. Omfattar anskaffingar der denne skulle ha vært gjennomført, og der oppdragsgjevar berre har kunngjort i Doffin når regelverket også pålegg kunngjeringsplikt i TED-databasen.

Mindre investeringsprosjekt: Prosjekt med ein kostnad på under 10 millionar kroner ekskl. mva.

OM OFFENTLEGE ANSKAFFINGAR

Offentlege verksemdar må følge nokre grunnleggande prinsipp og krav til prosedyrar ved planlegging og gjennomføring av offentlege anskaffingar. Krav til planlegging og gjennomføring av offentlege anskaffingar er regulert i lov om offentlege anskaffingar med tilhøyrande forskrifter (DFØ, 2019).

Dei grunnleggande prinsippa i anskaffingslova (2016, §4) er «*konkurranse, likebehandling, forutberegnelighet, etterprøvbarhet og forholdsmessighet*». I «*Veileder til reglene for offentlige anskaffelser*» (Nærings- og fiskeridepartementet, 2018) går det fram:

KONKURRANSE: *Hovedregelen er at konkurranse skal avholdes. Det gjelder alle anskaffelser som er omfattet av lov og forskrift; både over og under terskelverdiene.*

LIKEBEHANDLING: *Forbud mot diskriminering på grunnlag av nasjonalitet og usaklig forskjellsbehandling på annet grunnlag. Oppdragsgiver skal også sikre at alle potensielle leverandører gis like muligheter ved at like tilfeller skal behandles likt, og ulike tilfeller behandles ulikt, med mindre noe annet er saklig og objektivt begrunnet.*

FORUTBEREGNELIGHET: *Oppdragsgiver skal sikre at anskaffelsesprosessen er forutsigbar for leverandørene og skal sikre åpenhet om alle stadier i anskaffelsesprosessen. Skal gjøre det mulig for leverandørene å vurdere om de vil delta i konkurransen samt sikre at leverandørene kan stole på at de angitte opplysningene om konkurransen blir fulgt.*

ETTERPRØVBARHET: *Kravet om etterprøvbarhet skal ivareta leverandørenes rettsikkerhet og gjøre det mulig å sjekke både om oppdragsgiver har fulgt reglene som gjelder for konkurransen, og om det offentlige har opptrådt på en måte som forvalter samfunnets ressurser effektivt.*

FORHOLDMESSIGHET: *Krav til at oppdragsgiver skal gjennomføre konkurransen på en måte som står til anskaffelsens art, omfang, verdi og kompleksitet.*

1.4. KJELDER TIL REVISJONSKRITERIA

Revisjonsforskrifta seier at det skal etablerast revisjonskriterium for alle forvaltningsrevisjonsprosjekt. Revisjonskriteria er dei krav eller normer som dei innsamla data blir vurdert opp mot. Desse skal vere grunngjeve i, og utleidd frå, autoritative kjelder innanfor det området som er gjenstand for revisjon.

Revisjonskriteria blir henta frå lov og forskrift om offentlege anskaffingar, i tillegg til rettleiingsmaterieill frå departement, DIFI (Direktoratet for forvaltning og IKT) samt KS (Kommunenens sentralforbund). Vi har også samla aktuelle styringsdokument frå Giske kommune. Denne informasjonen er brukt som kjelder til konkretisering av dei valde revisjonskriteria.

Vi presiserer at det er nokon revisjonskriterium som er tilrådingar for praksis i kommunen, og nokon er lovkrav. Sjå vedlegg 2 for utgreiing av revisjonskriteria.

1.5. METODE

Undersøkinga er basert på Norges kommunerevisorforbund (NKRF 2020) sin standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001). Vi har henta inn data gjennom intervju, dokumentanalyse og ei spørjeundersøking. Gjennom å kombinere ulike metodar, kan vi sjå situasjonen frå ulike synsvinklar. Ei slik kjeldetriangulering, det vil seie bruk av fleire metodar for å belyse problemstillinga, vil styrkje dataa og rapportens kvalitet (validitet). Desse metodane for å hente inn data gir oss eit meir samansett og breiare innblikk i verkelegheita (RSK 001, og Amundsen & Knudtzon, 2006).

Det vart gjort eit oppstartsmøte for prosjektet 12. april 2023 med konstituert kommunedirektør, økonomisjef og einingsleiar teknisk. Vi har hatt kontinuerleg korrespondanse med kommunen gjennom heile prosjektet.

REKNESKAP OG STIKKPRØVEKONTROLL

Vi har henta ut ein komplett database frå rekneskapsystemet for åra 2021 og 2022 som har bokføringar mot reskonto. Dette datasettet inneheld både drift- og investeringsutgifter. Tala er deretter gjennomgått og analysert. Vi tok ut leverandørar som det er lite truleg er omfatta av reglane for offentlege anskaffingar. Dette ga ei liste over aktuelle leverandørar for stikkprøvekontroll.

Vi har også analysert datasettet med utgangpunkt i prosjekt og har valt ut nokre prosjekt med tilhøyrande leverandørar som vi såg nærare på.

Datasettet og analysen gav oss eit oversyn både investeringsprosjekt og meir løypande tenestekjøp. Vi tek difor omsyn til forskjellige typar risiko og problemstillingar.

DOKUMENTANALYSE

Av skriftlege dokument har vi gjennomgått:

- Statistikk e-handel
- Oversikt over rammeavtaler frå innkjøpssamarbeidet
- Leverandørstatistikk 2021
- Leverandørstatistikk 2022
- Rekneskap for 2021 og 2022
- Dokumentasjon for ulike investeringsprosjekt og anskaffingar på førespurnad frå MRR
- Dokumentasjon for diverse investeringar, innkjøp og anskaffingar utanfor førespurnad frå MRR
- Oversikt over personar med bestilleransvar
- Økonomireglement
- Kontroll av lønns- og arbeidsvilkår ved innkjøp – prosedyre
- Risikovurdering av lønns- og arbeidsvilkår ved innkjøp – skjema
- Egenrapporterings skjema for lønns- og arbeidsvilkår ved innkjøp – Trinn 1
- Kontroll av lønns- og arbeidsvilkår ved innkjøp – Trinn 2

SPØRJEUNDERSØKING

Vi sendte ut ei spørjeundersøking til 60 tilsette med innkjøp-/bestilleransvar i Giske kommune.

To tilsette har seinare svart at dei ikkje skulla ha vore med i spørjeundersøkinga fordi dei ikkje har innkjøp/bestilleransvar. Ein av e-postane vart permanent avvist. Viss vi tek bort disse tre er utvalet 57 personar, noko som gjer at prosenten som har svart kan justerast noko oppover. Totalt var det 35 tilsette som svarte på spørjeundersøkinga, noko som utgjer 60% av dei det var aktuelt å svare for. Vi er fornøgde med prosenttalet.

Administrasjonen i kommunen vart orientert om spørjeundersøkinga, og fekk høve til å gi tilbakemelding på spørsmåla før den blei sendt ut. Innkjøpskontakt i kommunen orienterte dei tilsette om at det skulle kome ei undersøking. Dette for å vise at undersøkinga var forankra i kommuneleiinga, og for å forsøke å få eit best mogleg svarresultat.

Spørjeundersøkinga vart sendt ut i starten på juni 2023. Det vart i tillegg sendt ut tre purringar for å auke svarprosenten. Det vart purra etter ei veke, og etter 14 dagar. Vi purra på nytt i august 2023 for å inkludere dei som eventuelt hadde ferie på forsommaren.

På enkelte spørsmål er det eit fråfall på 2 respondent. Det kan vere at dei har hoppa over spørsmål eller ikkje har ønska å svare.


Spørjeundersøkinga var anonym, og ein kan ikkje identifisere kven som har svart. Respondentar som ikkje har svart kan vere tilsette som ikkje ønskjer å delta på undersøkinga, eller at dei ikkje har motteke/sett e-posten som er send ut.

Spørsmål frå spørjeundersøkinga ligg i vedlegg 3.

1.6. OVERSIKT OVER TERSKELVERDIAR

I utgangspunktet er det tre terskelverdiar som gjeld for offentlege anskaffingar. Dei avgjer kva slags reglar som gjeld for anskaffinga. I forskrifta (Anskaffelsesforskriften, 2016) er det tre type terskelverdiar som gjer seg gjeldande og som er illustrert i figuren under:

1. 100 000 kr ekskl. mva. Dette er innslagspunktet for når føresegna i forskrifta skal bli brukt.
2. 1 300 000 kr ekskl. mva. Dette er den nasjonale terskelverdien. Anskaffingar som er lik eller overstig denne verdien må følgje føresegnene til forskrifta².
3. Den tredje type terskelverdi er EØS-terskelverdiane³.



Oppdragsgivar har plikt til å rekne ut verdien på kontraktane ut frå eit overslag over den samla betalinga ekskl. mva. Utrekninga skal vere forsvarleg på det tidspunktet oppdragsgivar innleier anskaffingsprosessen.

Oppdragsgivar skal vurdere verdien for å kunne avgjere om anskaffinga kjem under eller over dei aktuelle terskelverdiane, og for kunne slå fast kva reglar som gjeld for anskaffinga.

² Føresegnene i del II i forskrifta.

³ Sjå vedlegg 4

Reglane for utrekning av terskelverdiar gjeld både for EØS-verdiane og dei nasjonale terskelverdiane. Det er eit generelt forbod mot å dele opp anskaffingar med formål om å omgå føresegnene i lovverket.

Oppdragsgivar må utvise eit forsvarleg skjønn ved utrekning av verdien på anskaffinga. Viss tilboda likevel skulle vise seg å ligge over terskelverdiane, er ikkje dette avgjerande dersom oppdragsgivar har handla forsvarleg i forkant.

For anskaffingar over ein verdi av kr 500 000 ekskl. mva. plikter alle norske leverandørar å levere skatteattest jamfør § 7-2 i anskaffelsesforskriften (2016).

Ein protokoll for anskaffingar skal vise alle vesentlege forhold knytt til anskaffingar, mellom anna grunngjeving for dei ulike vala som blir gjort i anskaffingsprosessen. Det skal også førast opp kven som har bedt om å få delta i konkurransen, kven som har gitt tilbod, kven som eventuelt har blitt avvist eller har fått tilbodet sitt forkasta med grunngjeving, samt namn på leverandøren som er vald og grunngiving for valet.

2. TILTAK FOR Å ETTERLEVE REGELVERK

2.1. PROBLEMSTILLING

Den første problemstillinga vi undersøker er: *Har Giske kommune sett i verk tiltak for å sikre at regelverket for offentlege anskaffingar blir følgt?*

2.2. REVISJONSKRITERIA

Revisjonskriterier som kommunen er vurdert opp mot:

- Giske kommune bør ha eit reglement som omhandlar ei tydeleg oppgåve- og ansvarsfordeling, mål, forventningar og strategi for innkjøp og anskaffingar.
- Giske kommune bør ivareta at tilsette med bestillerfunksjon får opplæring i reglar og rutinar for innkjøp og anskaffingar.
- Giske kommune skal ha kontrolltiltak som førebyggjer, avdekker og rettar opp avvik i samband med innkjøp og anskaffingar.

Utgreiing av revisjonskriteria ligg i vedlegg 2.

2.3. FUNN

OPPGÅVE- OG ANSVARFORDELING, MÅL, FORVENTNINGAR OG STRATEGI FOR INNKJØP

Generelt om situasjonen i dag

I oppstartsmøte får vi opplyst at det ikkje er ei eiga innkjøpsavdeling eller ein innkjøpsrådgivar i kommunen. Det overordna ansvaret for fagområdet ligg i Økonomiavdelinga medan oversikta over dei enkelte rammeavtalane og ansvarsfordelinga rundt desse gjerne ligg på avdelingsnivå. Slik vi forstår det, har ikkje Giske kommune vedteke eigen innkjøpsstrategi eller innkjøpsreglement, men at dette er under arbeid. Økonomireglementet (2020) stadfestar at det skal utarbeidast eige innkjøpsreglement, men dette arbeidet har ifølge våre opplysningar ikkje vore prioritert. Dei overordna prinsippa i det framtidige innkjøpsreglementet er like fullt inkludert i kapittel 6 i Økonomireglementet.

Giske kommune er med i eit regionalt innkjøpssamarbeid med hovudvekt på rammeavtaler. I samarbeidet er det totalt 14 kommunar, og er i regi av Ålesund kommune. På nettsida til Ålesund kommune kan ein lese at samarbeidskommunane får tilbod om å delta på innkjøpssamarbeidet sine rammeavtalar, og at dei får rådgiving i innkjøpsfaglege spørsmål (Ålesund kommune, 2021).

Her heiter det mellom anna at alle anskaffingar skal skje i samsvar med gjeldande lover og forskrifter (lov om offentlege anskaffingar av 16. juli 1999 med tilhøyrande forskrifter og seinare endringar) og at målsettinga er å kjøpe rette varer og tenester til rett tid og rett pris. Det stadfestast at Giske deltek i innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre og at E-handel skal nyttast så langt det er mogleg.

Vidare kjem det fram at styring og kontroll av kommunen sine utbetalingar blir tatt vare på gjennom delegert attestasjons- og tilvisingsmynde og blir gjennomførte i samsvar med gjeldande retningsliner for oppgåva. Anskaffing er definert og avgrensa som *eit kjøp eller ei forplikting om kjøp av varer og tenester, samt bygge- og anleggsarbeid*. Berekraftsomsyn er ikkje inkludert i dei overordna prinsippa slik dei no står.

Spørjeundersøking

Vi har fått ein oversikt over kven som har innkjøp- og bestilleransvar i kommunen. Det er i følgje kommunen 60 personar som har dette. Vi har seinare fått tilbakemelding på at det riktige talet er 58 tilsette. Ein av dei tilsette si e-post vart avvist i systemet, og til saman 57 personar fekk tilsendt ei spørjeundersøking med spørsmål om innkjøp og anskaffingar i kommunen.

37% av dei som har svart, svarar at fullmakta til å gjere innkjøp ikkje er delegert skriftleg, mens 37% prosent er usikre. Dei resterande (26%) svarar at dei har fått skriftleg fullmakt. Vidare svarar til saman 86% at det ikkje følger beløpsgrense med fullmakta eller at dei ikkje veit om dette er tilfelle.

OPPLÆRING OG KOMPETANSE HOS INNKJØPAR

I møte med Økonomiavdelinga kjem det fram at nyttilsette fer ein introduksjon til innkjøp og anskaffingar som ein del av den generelle opplæringa. Giske peikar på at teknisk avdeling nyttar seg mest av rammeavtalane, og det er generelt stort forbettringspotensiale når det kjem til kompetanse og opplæring. Vidare er som regel ein person frå Giske med i møta i det kommunale innkjøpssamarbeidet (med Ålesund etc.), men kommunesamanslåinga i Ålesund har hatt ein negativ effekt på møtefrekvensen.

I spørjeundersøkinga ga dei tilsette tilbakemelding på eigenopplevd kompetanse og gjeldande opplæringstilbod. Når det kjem til kjennskap til regelverket svarar 74% av respondentane at dei er «noko/litt» kjende med regelverket for offentlege anskaffingar. I underkant av 9% svarar at dei kjenner godt til dette, medan 17% svarar at dei ikkje er godt kjende med regelverket.

I underkant av 80% svarar at dei kjenner til at Giske har eit innkjøpsreglement, medan dei resterande svarar at dei ikkje kjenner til dette. Om lag 60% veit kor dei kan finne reglementet, medan resten er svarar nei til om dei veit kor dei finn dette.

Når deltakarane vert spurd om å vurdere eigne kunnskapar, svarar nesten 80% av respondentane at dei opplev å ikkje ha tilstrekkeleg kunnskap om innkjøp og anskaffingar, medan rundt 20% meiner dei har tilstrekkeleg kunnskap. Ingen opplev at dei i særskild grad har tilstrekkelege kunnskapar på feltet.

Dei tilsette fekk spørsmålet: «På ein skala frå 1-5 (1= særskild lite kunnskap og 5= særskild god kunnskap): Korleis vil du rangere dine eigne kunnskapar om innkjøp/anskaffingar?», svarte 3% at dei har særskild lite kunnskap, 71% svarte at dei har lite kunnskap og 26% svarte at dei har god kunnskap. Ingen svarte at dei har særskild god kunnskap.

Angående opplæring, oppgjer nærare 75% at dei ikkje har fått tilbod om kurs eller anna opplæring medan 20% har fått eit slikt tilbod. 6% svarar at dei ikkje veit. Til sist svarar til saman ca. 85% at dei alltid eller nokre gongar har tilgang til støtte frå innkjøpssjef når dei har spørsmål om rutinar og regelverk for innkjøp og anskaffingar. 15 % svarar at dei aldri har tilgang til støtte.

KONTROLLTILTAK

Internkontroll og ansvarsfordeling

Giske fortel at Økonomiavdelinga førar kontroll med forbrukseiningane i organisasjonen, men må kontakte dei forskjellige avdelingane for å få detaljar om enkeltinnkjøp og oversikt over tilsette med innkjøpsansvar. Ei generell utfordring er at relativt mange tilsette har innkjøpsansvar, medan innkjøpsansvarlege som har slutta og liknande ikkje vert fjerna frå listene. Giske peikar på å erstatte status som innkjøpsansvarleg med status som behovsmeldar som eit mogleg forbetringstiltak. Dette er ein modul som ligg i E-handel og som Giske ikkje har per i dag. Til sist peika Giske på at ei eiga stilling som innkjøpsrådgivar ville kunne utbetre mykje av situasjonen i dag. I tillegg er det ønskeleg med kurs i regi av innkjøpssamarbeidet v/Ålesund kommune som ansvarleg.

I Giske sin rettleiar for attestasjon kjem det tydeleg fram at Økonomiavdelinga straks skal ha melding når tilvisingsmyndigheit opphøyrer, til dømes ved opphøyr av tenestetilhøve og liknande. Dersom utøving av delegert tilvisingsmyndigheit ikkje tilfredsstillar dei krav som vert stilt til god internkontroll, skal Økonomiavdelinga rapportere dette til vedkomande leiar som har delegert tilvisingsmyndigheita. Rettleiaren inneheld vidare ei rekke krav til den som attesterer og tilviser, til dømes at *pris og betalingsvilkår er i henhold til innkjøpsavtale* og at *attestasjon og kontroll er foreteke av personer som er tillagt denne oppgava*.

I spørjeundersøkinga svarar nærare 63% at innkjøpa *alltid* vert kontrollert av ein annan tilsett, medan om lag 23% oppgjer at dette skjer nokre gongar. Til saman 14% svarar at innkjøpa dei gjer aldri vert kontrollert, eller at dei ikkje veit dette skjer.

Tilsyn frå Arbeidstilsynet

I april 2023 hadde Giske kommune eit tilsyn frå Arbeidstilsynet. Føremålet med tilsynet var å «kontrollere om offentlege oppdragsgjevarar bidreg til at arbeidstakarar i verksemder som utfører tenester og bygge- og anleggsarbeid på vegner av det offentlege, ikkje har dårlegare løns- og arbeidsvilkår enn det som følgjer av gjeldande allmenngjeringsforskrifter eller landsomfattande tariffavtalar». Kommunen fekk eit pålegg, og måtte innan 5.september 2023 sende inn dokumentasjon på:

- Giske kommune si rutine og skildring av korleis de skal sikre at de gjennomfører nødvendig risikovurdering og kontroll med løns- og arbeidsvilkår i tenestekontraktar og bygge- og anleggskontraktar.
- Om Giske kommune, på bakgrunn av ei risikovurdering finn at de skal gjennomføre kontroll i pågåande prosjekt/noverande kontraktar, skal vi ha dokumentasjon som viser at kontroll er gjennomført.

Kontroll av løns- og arbeidsvilkår hjå tilbydarar

For kontroll av løns- og arbeidsvilkår hjå tilbydarar har Giske eit skjema for eigenrapportering og ei sjekklister for stadleg kontroll. Førstnemnde skal sendast til oppdragsgjevar innan éin månad etter kontraktperioden har starta; kan krevjast fleire gongar i løpet av avtaletida, og skal òg fyllast ut av eventuelle underleverandørar.

I skjemaet skal leverandørar svare utfyllande på spørsmål om selskapet sjølv; kontraktarbeidet; løns- og arbeidsvilkår samt eventuelle tilsyn/pålegg frå Arbeidstilsynet eller andre kontrollatar. Skjemaet har eit gjennomgåande fokus på risikoområde som bruk av innleigd arbeidskraft, inkludert bemanningsbyrå og oppfølging av desse; bruk av tariffavtalar; bytte av revisor og tidlegare meldingar/domfellingar knytt til løns- og arbeidsvilkår.

Sjekklista for kontroll av lønns- og arbeidsvilkår er ein del av kontraktsoppfølginga for tenestekontrakter og legg vekt på tariffavtalar i verksemda; arbeidsavtalane til dei tilsette og om verksemda har kontrollert at underleverandør oppfyller krava til lønns- og arbeidsvilkår. Ved kontroll tek kommunen utgangspunkt i eit utval på 3-5 personar og på grunnlag av desse blir det vurdert ytterlegare kontroll på fleire namn. Uttrekk av namn blir gjennomført ved gjennomgang av løningslister.

2.4. VURDERING

Vi har undersøkt korleis Giske kommune har organisert arbeidet, og kva kontrollrutinar som er etablert for sikre at regelverk blir etterlevd. Revisjonskriteria som kommunen er vurdert mot er:

Giske kommune bør ha eit reglement som omhandlar ei tydeleg oppgåve- og ansvarsfordeling, mål, forventningar og strategi for innkjøp og anskaffingar.

Vi vurderer at kommunen ikkje oppfyller dette revisjonskriteriet.

Giske kommune har tatt inn sentrale definisjonar og dei overordna føringane for anskaffingar i økonomireglementet. Her heiter det vidare at det er utarbeidd eige innkjøpsreglement for Giske kommune, men etter kva vi forstår er ikkje dette arbeidet stilt ferdig. I følgje KS (2020) bør det på innkjøpsområdet finnes skriftleg strategi for anskaffingar som klargjer ansvarsområde, oppgåver og kompetansebehov til tilsette med bestillarfunksjon. Ein slik strategi kan også innehalde ei skildring av korleis innkjøp og anskaffingar skal gjerast ut frå dei ulike delane i regelverket, i tillegg til rutinar for å førebygge, avdekke og rette opp avvik frå regelverket. Vi meiner Giske kommune bør sette seg mål om å fullføre arbeidet med eit reglement/strategi knytt til innkjøp og anskaffingar for å sikre at regelverk blir etterlevd. I eit slikt dokument kan ein vurdere å ta inn korleis kommunen skal handtere berekraftsomsyn i anskaffingar.

Oversikt vi har fått frå kommunen viser at det er 60 personar i kommunen som har innkjøpsfunksjon (seinare korrigert til 57). Dei aller fleste av respondentane i spørjeundersøkinga seier at dei kjenner til om Giske kommune har eit innkjøpsreglement, og majoriteten av desse veit kvar dei kan finne dette. Her bør ein sikre at alle tilsette veit kvar dei kan finne gjeldande reglement og det/den nye reglementet/strategien når det er stilt ferdig.

I overkant av to tredelar svarer at dei ikkje har, eller ikkje veit om dei har, ei skriftleg delegert fullmakt til å gjere innkjøp. Heile 85% svarar at det ikkje følger ei beløpsgrense til fullmakta eller at dei ikkje veit om dette er tilfelle. Vi meiner det kan vere uheldig at dei som gjer innkjøp ikkje veit kva slags avgrensing som ligg til fullmakta. For å unngå usikkerheit når det kjem til prosessar innanfor innkjøp- og anskaffingar, meiner vi dette er eit forhold som bør avklarast for alle som gjer innkjøp og anskaffingar i kommunen. Vår vurdering er at det bør presiserast overfor alle med innkjøpsfullmakt i kommunen kva fullmakta inneheld av ansvar, kva dei har av plikter og eventuelle beløpsgrenser.

Giske kommune bør ivareta at tilsette med bestillerfunksjon får opplæring i reglar og rutinar for innkjøp og anskaffingar.

Vi vurderer at dette revisjonskriteriet ikkje er oppfylt.

I spørjeundersøkinga svarar nesten 80% at dei ikkje opplev å ha tilstrekkeleg kunnskap om innkjøp/offentlege anskaffingar. Tilsvarande svarar ca. 70% at dei er «noko/litt» kjende med regelverket for offentlege anskaffingar. Når det kjem til opplæring svarar ca. tre firedelar at ikkje har fått tilbod om kurs eller anna opplæring. Til gjengjeld svarar til saman rundt 85% at dei alltid eller nokre gongar har tilgang til støtte frå innkjøpssjef når dei har spørsmål om rutinar og regelverk for innkjøp og anskaffingar. Vi meiner at Giske kommune må sikre at alle som gjer innkjøp og anskaffingar får nødvendig opplæring slik at dei tilsette opplever å ha tilstrekkeleg kunnskap innan området.

75% seier at dei ikkje har fått tilbod om kurs eller anna opplæring innan innkjøp/anskaffingar, og dette er eit område vi meiner kommunen bør følgje opp for å sikre at det finns rutinar og system for opplæringstiltak for tilsette med slik funksjon.

At heile 85% av dei tilsette opplever å ha støtte frå andre i innkjøpsprosessen vurderer vi som positivt. Likevel er det eit potensiale for å adressere slik kompetanse tydelegare slik at alle tilsette med innkjøpsfunksjon opplever å få den støtte og kompetansetilgang som dei har behov for når det gjeld å få svart ut spørsmål dei måtte ha.

Giske kommune skal ha kontrolltiltak som førebyggjer, avdekker og rettar opp avvik i samband med innkjøp og anskaffingar.

Med bakgrunn i våre funn meiner vi at kommunen delvis oppfyller dette revisjonskriteriet.

Vi meiner at våre undersøkingar viser at Giske kommune bør ha meir fokus på innføring av rutinar for kontroll av innkjøp, innkjøpsavtalar og tilsette med innkjøpsansvar. Kontrollrutinar bør utarbeidast for heile organisasjonen. For å avdekke, hindre og rette opp avvik, er det så langt det er praktisk mogleg, eit godt prinsipp at ein anna tilsett i kommunen enn den som gjer innkjøpet står for kontrollen (attestasjonen). Slik kan ein sikre at innkjøp er reelle og i tråd med avtalar og bestillingsfullmakt, og ein kan redusere risikoen for ubevisste eller bevisste feil, kameraderi og korrupsjon.

I følgje spørjeundersøkinga seier om lag 63% av respondentane at innkjøpa dei gjer alltid blir kontrollert av ein anna tilsett i kommunen, medan om lag 23% svarer at det skjer nokre gonger. Undersøkinga viser at om lag 14% svarer at dei «ikkje veit» om dette skjer, eller «nei». Gode rutinar for gjennomføring av attestasjon og tilvising kan bidra til at avvik eller feil kan førebyggjast og avdekkast, samt oppdagast i førekant og rettast opp i førebuinga av innkjøp og anskaffingar, og vi finn at desse omsyna er delvis dekte i kommunen sin rettleiar for attestasjon.

3. ETTERLEVING AV ANSKAFFINGSREGLANE

3.1. PROBLEMSTILLING

Den andre problemstillinga vi undersøker er: *Blir varer og tenester kjøpt inn i samsvar med lov og regelverk på området?*

Under denne problemstillinga vil vi sjå på om anskaffingar som er gjort i 2021 og 2022 er utsett for det grunnleggjande kravet om konkurranse, at dei er kunngjort på Doffin.no, om skatteattest er innhenta, og at det er skriva protokoll for anskaffingar. Vi har også spurt om tilsette som gjer innkjøp er, kjend med krav om samfunnsansvar ved offentlege anskaffingar.

3.2. REVISJONSKRITERIA

Revisjonskriteria kommunen er vurdert opp mot:

- Giske kommune skal sikre at kvar anskaffing så langt det er mogleg er basert på konkurranse.
- Giske kommune skal sikre at anskaffing til ein verdi av over kr. 1 300 000 ekskl. mva. blir kunngjort på Doffin.no.
- Giske kommune skal innhente skatteattest ved anskaffing i samsvar med forskrift om offentlege anskaffingar.
- Giske kommune skal utarbeide ein protokoll for innkjøp og anskaffing i dei tilfelle det er krav om dokumentasjonsplikt.

Utgreiing av revisjonskriteria ligg som vedlegg 2.

3.3. FUNN

KOFA

Søk på heimesida til klagenemnda for offentlege anskaffingar (KOFA), har ikkje resultert i treff for den perioden denne undersøkinga gjeld for.

SPØRJEUNDERSØKINGA

I spørjeundersøkinga er det 8 tilsette (23,5%) som seier at dei har gjort innkjøp i kommunen på inntil kr 100 000 på eit område der det ikkje er inngått rammeavtale. Fire personar seier at dei ikkje veit, og 22 personar (65%) svarar nei på dette spørsmålet.

Av dei 8 som har gjort innkjøp på inntil kr 100 000 svarar tre at dei gjennomførte kjøp direkte frå leverandør, mens tre har innhenta tilbod frå fleire leverandørar. Ein svarar at vedkomande kunngjorde konkurransen på Doffin. Den siste svarar at kjøpet vart gjort på «anna» måte.

På spørsmål om korleis innkjøpa vart dokumentert, svara fire personar at det vart skrive eit notat i sakshandsamingssystemet og to personar utarbeidde protokoll for anskaffinga. To seier at kjøpet vart dokumentert på “anna” måte. Ingen svarar at dokumentasjon ikkje vart utarbeidd.

Fem personar som seier dei har utført innkjøp med ein kostnad på mellom kr 100 000 og kr 1 300 000 på område der det ikkje er inngått rammeavtale. Tre av desse seier dei gjennomførte kjøpa ved å hente inn tilbod frå fleire leverandørar, medan høvesvis ein person kunngjorde konkurransen i Doffin eller på «anna» måte. Fire personar dokumenterte innkjøpet med å skrive anskaffingsprotokoll og ein på «anna» måte.

Tre personar opplyser at dei har gjort innkjøp på ein verdi på over kr 1 300 000 på eit område der det ikkje er inngått rammeavtale. Høvesvis ein kunngjorde konkurranse på Doffin, ein henta inn tilbod frå fleire leverandørar og ein gjennomførte anskaffinga på «anna» måte. To utarbeidde protokoll på anskaffingane medan ein nytta «anna type dokumentasjon» for å dokumentere anskaffinga.

Respondentane fekk spørsmål på om dei har andre kommentarar til innkjøp, forvaltningsrevisjonen eller undersøkinga. Tilbakemeldingane var:

- *Bør vere ein del av opplæring hos nyttilsette med slikt ansvar.*
- *Dårleg oversikt over avtalar, eller om ein kan handle alt innanfor dei firma ein har avtale med. Oversikta i Visma verkar gamaldags. Det ein søker etter under e-handel er bra, med unntak av at det ikkje alltid er bilde av det ein skal bestille.*
- *Eg har avgrensa område eg kjøper inn for. Vi kan sikkert bli betre på å bruke den tekniske/teknologiske kompetansen saman med dei som tek større beslutningar.*
- *Giske kommune har ikkje innkjøpsreglement - det var ikkje mulig å krysse av for at det ikkje finns.*

Dei tilsette vi sendte spørjeundersøkinga til fekk spørsmål om krav til samfunnsansvar - miljø: «Giske kommune skal i sine innkjøp etterspørje miljøvennlege varer og varer som er

produserte i samsvar med forsvarlege etiske og sosiale standardar. Er du kjend med desse prinsippa?». Her svarte 27 % ja, 37% nei og 34 % veit ikkje.

SØK I DOFFIN

På nettstaden til på Doffin.no er det 9 treff for Giske kommune for 2021 og 2022 (anskaffingar i regi av innkjøpssamarbeidet og handtert av Ålesund kommune er ikkje medrekna). Dei utlyste konkurransane er:

- [Tilbod på vinterdrift av vegar i Giske kommune. Perioden 2022-2026](#)
- [Vinterdrift Giske kommune - Brøyterode T1, T3 og T4 - 2020 - 2022](#)
- [Vinterdrift - brøyterode T3 og T4 - 2020-2022](#)
- [Utdyping og deponi Gjøvsund fiskerihavn](#)
- [Ny vassleidning Giske - Godøya 2021](#)
- [Geoteknisk vurdering for to nye møteplasser langs Ådalsvegen på Godøya](#)
- [Moduler Valderøy ungdomskule - Giske kommune](#)
- [Pyramiden - Ombygging](#)
- [Godøy skule - ombygging](#)

STIKKPRØVER

Tabellen under her inneheld dei treffa eg fekk på søk for Giske kommune for 2021 og 2022, kor anskaffingar i regi av innkjøpssamarbeidet og handtert av Ålesund er haldt utanfor (dette er ikkje inkludert i rapporten slik han no står).

Vi har henta ut ein komplett database frå rekneskapssystemet for åra 2021 og 2022 som har bokføringar mot reskonto. Dette datasettet inneheld både drift- og investeringsutgifter. Tala er deretter gjennomgått, då særleg i form av ei analyse av såkalla *føring mot flere reskontror*. Vidare har vi teke ut leverandørar som det er lite truleg er omfatta av reglane for offentlege anskaffingar, som til dømes andre kommunar, kommunesamarbeid og statlege instansar. Vi stod da att med følgjande liste:

Leverandør	2021	2022	Sum
AURSTAD TUNNEL AS	46 978 048	97 461 369	144 439 417
STENDI AS	23 212 659	22 362 108	45 574 767
GISKE ANLEGG AS	8 910 236	8 783 757	17 693 993
PRIMA OMSORG AS	4 618 244	7 728 773	12 347 017
ACO ANLEGG AS	4 577 269	6 542 243	11 119 512
K. NORDANG AS	8 031 436		8 031 436
ENTELIOS	5 182 969	2 089 243	7 272 212
ADAPTEO AS	6 181 763		6 181 763

ABYSS AS	5 406 895	519 600	5 926 495
ØDEGAARD ENGROS AS	2 100 309	2 372 978	4 473 287
VISMA UNIQUE AS	2 091 235	2 166 568	4 257 804
QUALITY HOTEL WATERFRONT	4 081 714		4 081 714
LEASE PLAN NORGE AS	1 562 213	2 470 874	4 033 087
SUNNMØRE ENGROS	1 753 782	1 818 206	3 571 988
ATEA AS	1 814 476	1 522 251	3 336 728
CRAYON AS	1 731 820	998 924	2 730 744
EVINY SOLUTIONS AS	1 331 797	1 257 120	2 588 917
AALESUND AIRPORT HOTEL	1 714 698	808 621	2 523 319
NORKART AS	1 223 748	1 179 920	2 403 668
KONSTALI HELSENOR AS	2 211 184		2 211 184
ACOS AS	784 806	1 401 190	2 185 996
ÅLESUND ELEKTRO AS	502 629	1 144 039	1 646 667
BREEZE NORDVEST AS	659 894	909 700	1 569 594
NORMATIC AS	245 151	1 242 785	1 487 936
LINDA AUSTNES	731 196	753 175	1 484 371
TELENOR NORGE AS	787 558	661 585	1 449 144
ASPLAN VIAK AS	636 511	797 568	1 434 079
SHARP NORDIC FINANS (DE LAGE LANDEN)	682 052	700 839	1 382 891
ONECO TECHNOLOGIES AS	654 152	688 435	1 342 587
RØRLEGGERSENTRALEN AS	500 000	823 039	1 323 039
CAVERION NORGE AS	641 203	618 578	1 259 782
NCC INDUSTRY AS	3 121	1 228 935	1 232 055
TINE BA	564 868	575 588	1 140 456

Med utgangspunkt i denne lista, bad vi om dokumentasjon på at anskaffingsreglane er følgd når det gjeld leverandørane; ACO Anlegg AS, Giske Anlegg AS, Ålesund Elektro AS, Rørleggersentralen AS og Caverion Norge AS. I vår førespurnad vart det presisert at vi ønska informasjon som var relevant for våre revisjonskriterium; det grunnleggjande kravet om konkurranse, Doffin, protokoll og skatteattest.

Vi har også analysert datasettet med utgangspunkt i prosjekt. Vi valte ut sentrale prosjekt med tilhøyrande leverandørar som vi såg nærare på. Tabellen gir ei oversikt over leverandørane med over 100 000 kr i innkjøp:

Prosjektnr.	Prosjekt Navn	Beløp
6383	FORNYING LEIDNINGSANLEGG	13 992 217
	ACO ANLEGG AS	2 567 962
	AHLSSELL NORGE AS	104 677
	GISKE ANLEGG AS	10 599 754
	NORMATIC AS	667 000
2335	Godøy skule - tilrettelegging for 1. - 4	8 539 099
	K. NORDANG AS	8 031 436
	NORCONSULT	318 004
2334	Giske ungdomsskule tilrettelegging Pyram	7 652 858
	ADAPTEO AS	6 181 763

	CAVERION NORGE AS	204 456
	GISKE ANLEGG AS	656 599
	NORCONSULT	461 981
6252	Overføringsledning Godøy - Giske	6 306 748
	ABYSS AS	5 926 495
	GISKE ANLEGG AS	256 874
6372	Nytt hovudnett på Molnes	5 448 415
	ACO ANLEGG AS	5 444 242
6381	MINDRE LEIDNINGSANLEGG	2 462 682
	ACO ANLEGG AS	273 714
	GISKE ANLEGG AS	2 188 968
6253	Vassledning Giske - Staurneset	2 256 669
	ACO ANLEGG AS	2 256 669
6212	Transpormidlar og maskiner til uteseksjo	1 478 545
	BERTEL O. STEEN ÅLESUND AS	591 093
	LIEDS VERKTØY AS	146 072
	ØVERAASEN AS	437 410
6250	Modernisering av leidningsanlegg/lekasje	1 296 786
	GISKE ANLEGG AS	1 081 975
	NORMATIC AS	174 000
6221	Asfaltering kommunale vegar	1 199 406
	NCC INDUSTRY AS	1 199 406
5304	Tankbil brannvesen/vassforsyning	2 467 641

Giske Anlegg AS og ACO Anlegg AS går igjen i fleire av prosjekta, og desse to selskapa utgjer i underkant av halvparten av utgiftene i desse prosjekta.

Valet av leverandørar rettar seg mot bygg og anlegg samt handverkartenester, og er meint å inkludere både investeringsprosjekt og meir løypande tenestekjøp. Vi tek dimed omsyn til forskjellige typar risiko og problemstillingar.

Når det gjeld **Caverion Norge AS og Ålesund Elektro AS** gav kommunen ei tilbakemelding om at det blir nytta serviceavtalar. Det vart sendt over eit sett med 13 serviceavtalar, der 1 avtale var med Caverion Norge AS og 4 var med Ålesund Elektro AS. Avtalen med Caverion Norge AS var knytt til Valderøy barneskule, medan avtalene med Ålesund Elektro AS var knytt til brannalarmanlegg, nødlis, røyklukesentral og talevarsling. Det som vart sendt over var berre avtalane, ikkje dokumentasjon vedkomande reglane om offentlege anskaffingar.

I faktasjekkmøtet fekk vi også tilbakemelding på at dette er avtalar som kanskje burde ha vore utlyst som rammeavtalar for andre leverandørar å konkurrere om.

Når det gjeld **Rørleggersentralen AS** vart det gitt ei slik tilbakemelding:

For å dekke behovet for reint sjøvotn til lokale bedrifter i perioden mudringsprosjektet skulle foregå, ville Giske kommune hjelpe med å ordne ei løysing for dei tre (3)

aktuelle firma. Det vart jobba mykje saman med næringslivet for å finne ei god løysing for alle, og det var enighet og forståelse om at det å bygge eit felles anlegg som fordelte reint vatn til dei aktuelle firma var det beste. Dette felles anlegget skulle ha kapasitet til å også forsyne framtidige aktører, samt å kunne auke kapasiteten på enkel/kostnadseffektiv måte. Giske kommune sitt bidrag i denne saka skulle være å stille areal til rådighet og ei engangsstøtte/bidrag på 1 MNOK. Dette vart vedteke i politisk sak.

Det vart jobba mykje med fleire alternativer for plassering, tekniske løysingar, vannkvalitet/behov osv. Samtidig med dette arbeidet, gjekk mudringsprosjektet sine forberedelser sin gang og det nærma seg oppstart av fysisk arbeid i hht kontrakt med leverandør og i hht forskotteringsavtalen med Kystverket.

Brått vart det uventa brudd/uenighet i samarbeidet om felles sjøvassanlegg, og det vart klart at det ikkje ville bli mogleg å finne enighet om sjøvatn før oppstart av mudringa. For å unngå forsinkelser og kostnader i mudringsprosjektet, samt risiko for brot i forskotteringsavtalen, vart det sett i gang eit hastearbeid om å gjøre klart sjøvassløysing for eksisterende bedrifter som trengte sjøvatn i produksjonen. Den eine bedriften ordna seg med eige anlegg for eiga regning, og kommunen måtte syte for dei to andre. Det var helt nødvendig med tilgang til sjøvatn for å unngå permisjoner og mulig nedleggelse i bedriftene. På denne tida nærma det seg også sommerferie for alle. Tidlig i planleggingsfasen vart det avklart at nødvendig kompetanse og erfaring var det tilsynelatende berre Rørleggersentralen som hadde. Dette vart avklart i samarbeid med Gjøsund Utvikling AS, som undervegs hadde vore knutepunktet mot dei lokale firma.

Det vart derfor umiddelbart satt i gang prosjektet med å engasjere Rørleggersentralen til ordne sjøvatn, uten anbudskonkurranse. Rørleggersentralen kjente allerede prosjektet godt. Dette ordna seg akkurat i tide for å unngå kostbare forsinkelser i eller skader på produksjon/permittinger.

Når det gjeld **ACO Anlegg AS** og **Giske Anlegg AS**, er desse anskaffingane som nemnt ovanfor, meir knytt til einskilde investeringsprosjekt. Det vart sendt over dokumentasjon på ei rekke investeringsprosjekt.

For desse to entreprenørverksemdene fekk vi dokumentasjon på til saman ti investeringsprosjekt i tidsperioden, i all hovudsak knytt til utbetringar av vass- og avløpssystem (VA). Verdiane av anskaffingane varierer frå i underkant av fem hundre tusen til ca. 5 millionar NOK og omhandlar derfor forskjellige terskelverdiar, men overstig ikkje EØS-terskelverdien for bygg- og anleggskontrakter på 56 millionar kroner som krev kunngjeringskrav innanfor EØS-området.

Etter kva vi kan sjå har kommunen nytta avgrensa tilbodskonkurranse og invitert mellom fire og seks leverandørar til å levere tilbod, avhengig av konkurranse. For denne type

konkurransar krev anskaffingsforskrifta at minst tre tilbydarar vert kontakta. For dei aller fleste prosjekta har fem leverandørar motteke førespurnad og/eller levert tilbod. Sjølv om vi ikkje har motteke tilbodsopning (brev) til alle leverandørane, kjem dette fram av dei framlagte mottakarlistene og protokollane. Vidare har kommunen lagt fram opningsprotokoll og tilbodsinnstilling for alle konkurransane, men ingen skatteattestar.

Tabell – Investeringsprosjekt på bygg- og anleggsområdet for ACO Anlegg og Giske Anlegg AS

	Prosjekt	Gjennomført konkurranse	Skatteattest	Protokoll
ACO Anlegg AS				
Gk ref: 21-118 Fornyning av leidningsanlegg - Kolåsbakken	6383	Førespurnad sendt til fire leverandørar	Ikkje lagt fram	Lagt fram
Gk ref: 21-121 Fjerning av gamle leidningar - Valderhaug mv.	6383	Førespurnad sendt til fem leverandørar	Ikkje lagt fram	Lagt fram
Gk ref: 21-983 Fornyning av VA-anlegg, Øvregatå	6372	Førespurnad sendt til fem leverandørar	Ikkje lagt fram	Lagt fram
GK ref: 22-138 Overvassystem Rokkevegen	6309	Førespurnad sendt til fem leverandørar	Ikkje lagt fram	Lagt fram
Gk ref: 22-878 Vassleidningar, Rishaugen - Staurneset	6253	Førespurnad sendt til fem leverandørar	Ikkje lagt fram	Lagt fram
Giske Anlegg AS				
Gk ref: 20-1675 Fornyning vassleidning, Burmavegen-Rishaugen	6383	Førespurnad sendt til fem leverandørar	Ikkje lagt fram	Lagt fram
Gk ref: 21-120 Fornyning overvassrør, Rokkevegen /Syvermarka	6383	Førespurnad sendt til fire leverandørar	Ikkje lagt fram	Lagt fram
Gk ref: 21-508 Oppgradering VA-anlegg, Skjongmyra mv.	6383	Førespurnad sendt til fem leverandørar	Ikkje lagt fram	Lagt fram
Gk ref: 22-130 Målekummar og omlegging leidningar, Vigra	6250	Førespurnad sendt til fem leverandørar	Ikkje lagt fram	Lagt fram
Gk ref: 22-660 Skifte av vassleidningar i Skjongskaret	6383	Førespurnad sendt til seks leverandørar	Ikkje lagt fram	Lagt fram

I tillegg til anskaffingane som vi etterspurde har vi motteke ei oversikt over og dokumentasjon for 7 andre anskaffingar og innkjøp frå teknisk drift/forvaltning og helse- og omsorgsfeltet.

På området **teknisk drift** og ei mindre anskaffing av klippar til parkanlegg vart tre leverandørar inviterte til minikonkurranse slik regelverket tilrår, medan anskaffing av asfalt i 2022 vart gjort i samsvar med rammeavtale under innkjøpssamarbeidet på Sunnmøre. For anskaffinga av ny vaktbil til teknisk uteseksjon kjem det fram i protokollen at fleire aktørar knytt til rammeavtalen vart førespurd, men grunna leveringsproblem knytt til Covid-19 var berre ein leverandør i stand til å levere ønska biltype. For anskaffinga av diverse utstyr til veg og park viser protokollen at fire leverandørar vart førespurd og samanlikna.

Angående **teknisk forvaltning**, opplyser kommunen at anskaffinga av ny overføringsleidning Godøy-Giske lyst ut på Doffin ved hjelp av rådgjevingsselskapet COWI, og dokumentasjon på dette er motteke. Dette stemmer med våre funn på nettsida til Doffin.

For ei anskaffing av prosesskompetanse for utvikling av Gjøvsund (for eit mindre beløp), kjem det fram av protokollen at konkurranse vart haldt med tre leverandørar. I tillegg vart to leverandørar med rammeavtale for slike tenester (Norconsult og Asplan Viak) kontakta, men desse leverte etter kva vi forstår ikkje tilbod.

På **helse- og omsorgsfeltet** og ei anskaffing av brukarstyrt personleg assistent, såkalla BPA, kjem det fram av protokoll og tilbodsevaluering at fem tilbod vart innhenta og vurdert opp mot (minst) 15 kriterium, inkludert gyldig skatteattest. For helse- og sosialtenester er det vurderer Giske at terskelverdien for EØS-utlysning er på 51 millionar, og kommunen var difor ikkje pliktig til ei slik utlysning⁴.

Tabell - Andre anskaffingar og innkjøp

Anskaffing	Anslått kontraktsverdi	Prosjekt	Gjennomført konkurranse	Skatteattest	Protokoll	Rammeavtale
Teknisk drift						
Asfalt 2022	1 200 000	6211	Vist til lojalitetsplikt i rammeavtale	Ikkje lagt fram	Lagt fram	Rammeavtale nytta
Gravemaskin til miljøstasjon	1 275 000		Tre leverandørar førespurd	Ikkje lagt fram	Lagt fram	
Klippar til parkanlegg	190 000		Tre leverandørar invitert til minikonkurranse	Ikkje relevant (under 500.000)	Lagt fram	
Gk ref: 21-1630 Vaktbil til VA – teknisk utestasjon ()	720 000	6212	Munnleg førespurnad til fleire aktørar knytt til rammeavtalen	Ikkje lagt fram	Lagt fram	Rammeavtale nytta
Gk ref: 22-1256 Utstyr til veg og park	500 000	6212	Fire leverandørar førespurd	Ikkje lagt fram	Lagt fram	
Teknisk forvaltning						
Utvikling av Gjøvsund hamn - prosesskompetanse	Under 100 000		Møte med tre leverandørar	Ikkje relevant (verdi 500.000)	Lagt fram	PWC vald, rammeavtalar med Norconsult og Asplan Viak.
Gk ref: 19-897 Godøy-Giske overføringsleidning	Ca. 7 mill.		Utlyst på Doffin	Ikkje lagt fram	Lagt fram	
Helse/omsorg						
Brukarstyrt personleg assistent (BPA)	24,2 mill.		Fem tilbod henta inn	Lagt fram ifølge evalueringsskjema	Lagt fram	

⁴ Kontraker om helse og sosialtjenester, jf. FOA § 5-1, andre ledd bokstav A.

I det som vart sendt over, so ligg der også dokumentasjon for prosjektet: *19-596 Brannbil, type tankvogn, med skumanlegg og frontmontert vasskanon for levering Giske brannvesen*, der Braco AS var leverandør.

3.4. VURDERING

I denne problemstillinga har vi sett på om anskaffingar som er gjort i 2021 og 2022, er utsett for det grunnleggjande kravet om konkurranse, at dei er kunngjort på Doffin, om skatteattest er innhenta, og at det er skrive protokoll for anskaffingar.

Vi har analysert dei data som er tilgjengeleg i rekneskapssystemet med omsyn til innkjøp frå dei ulike leverandørane. Vi har vidare henta inn opplysningar på dei anskaffingane som det ligg føre dokumentasjon som er relevant i høve til å vurdere dei opp mot reglane om offentlege anskaffingar.

Giske kommune skal sikre at kvar anskaffing så langt det er mogleg er basert på konkurranse.

For dei (mindre) investeringsprosjekta på bygg- og anleggsområdet (leverandørane ACO Anlegg og Giske Anlegg AS), vurderer vi at dette vert gjennomført. Det same gjeld anskaffingane utanom dei førespurde leverandørane som kommunen har sendt dokumentasjon for. Desse anskaffingane varierer i omfang og fagområde, men etter kva vi kan sjå har Giske i all hovudsak streva etter å basere anskaffingane på konkurranse.

Føremålet med dette prosjektet har vore å skaffe eit oversyn over den overordna praksisen innan innkjøpsområdet i høve til reglane om offentlege anskaffingar, og i mindre grad gjere konkrete vurderingar av einskilde anskaffingar. Vi vel difor å ikkje gjere ei nærarar vurdering av innkjøpet frå Rørleggersentralen AS. Vi viser til forklaringa som vart sendt over, og vi ser at det er ein del høve ved denne anskaffinga som er særskilt.

Vi har berre fått sendt over ulike kontraktar som kommunen har med desse to leverandørane. Vi har motteke serviceavtalar frå Caverion Norge AS og Ålesund Elektro AS.

Vi meiner at kommunen bør gjere ein gjennomgang av innkjøp av handverkstenestene og sørgje for at alle dei vesentlege tenestetypene blir dekt opp med rammeavtalar, og at det blir utvikla eit system for å registrere og handtere avrop på desse rammeavtalane.

Giske kommune skal sikre at anskaffing til ein verdi av over kr. 1 300 000 ekskl. mva. blir kunngjort på Doffin.no

I dokumentasjonen vi har gjennomgått og gjennom søk på nettstaden, finst det fleire døme både på at kommunen sjølv har kunngjort utlysingar på Doffin.no og at konsulenttenester er nytta for å handtere prosessen. For den eine anskaffinga kor vi har motteke dokumentasjon og kommunen sjølv har handtert prosessen, meiner vi dokumentasjonen er mangelfull samanlikna med anskaffinga kor ekstern konsulent vart nytta. Det vil vere sentralt for betring av kommunen sin internkontroll og høve til innsyn, at kommunen ser til at all dokumentasjon blir innhenta, kvalitetssikra og arkivert i tråd med kommunelova (25-1) og KS sin rettleiar om internkontroll (2020).

Giske kommune skal innhente skatteattest ved anskaffing i samsvar med forskrift om offentlege anskaffingar.

Vi vurderer at dette revisjonskriteriet ikkje er oppfylt.

Funna våre kan tyde på at det i liten grad er innhenta skatteattest for dei aktuelle prosjekta. Ifølge evalueringsskjemaet for ei anskaffing på helse- og omsorgsfeltet vart skatteattestar henta inn for alle tilbydarar, medan vi ikkje kan sjå å ha mottatt slike for dei fleste anskaffingane i teknisk sektor. Ut frå den dokumentasjonen som vi har spurt om, og har fått lagt fram, så er dette punktet ikkje oppfylt ut frå gjeldande lovar og regelverk.

Dokumentasjon som blir innhenta av ekstern konsulent, bør også lagrast i kommunen sine interne arkivsystem. Dersom dette ikkje blir gjort, vil ein gjere det vanskeleg å utføre både intern- og ekstern kontroll. Eit anna viktig poeng er at dersom slike dokument ikkje blir lagra med tilgang for andre enn ekstern konsulent eller den einskilde sakshandsamar, så vil dette etter vår vurdering vere i strid med krav om oppbevaring av dokumentasjon og kommunedirektørens høve til å «avdekke og følgje opp avvik og risiko for avvik» i tråd med Kommunalova (2021) og §25-1 bokstav c.

Giske kommune skal utarbeide ein protokoll for innkjøp og anskaffing i dei tilfelle det er krav om dokumentasjonsplikt.

Våre funn tyder på at det vert utarbeidd protokollar som dokumenterar at anskaffingsprosessen er gjennomført ved konkurranse, også for relativt lave beløp. For dei nemnde prosjekta innan vatn og avløp er det utarbeidd opningsprotokollar og, for dei aller fleste, ei tilbodsinnstilling kor vurderingane av tilboda til dels kjem fram. Vi ser like fullt at sjølv innanfor same avdeling i kommunen vert det nytta forskjellige malar og måtar å dokumentere prosessen på, som kan tyde på at kommunen ikkje har eitt eins sett med rutinar og malar for denne typen dokumentasjon.

4. BRUKEN AV RAMMEAVTALAR

4.1. PROBLEMSTILLING

Den siste problemstillinga som blir undersøkt er: *Nyttar Giske kommune seg av dei inngåtte rammeavtalane på ein korrekt måte?*

Med bakgrunn i denne problemstillinga vil vi sjå på om det er godt opplyst kva rammeavtaler som er inngått, og om desse blir brukt på korrekt måte. Vi vil også sjå på om system for e-handel blir brukt.

4.2. REVISJONSKRITERIAR

Revisjonskriteria som kommunen er vurdert opp mot:

- Giske kommune skal ha ein oppdatert oversikt over alle inngåtte rammeavtarar.
- Giske kommune skal bruke dei rammeavtalane som til ei kvar tid gjeld.
- Giske kommune bør nytte e-handel der dette er tilrettelagt.

Utgreiing av revisjonskriteria ligg i vedlegg 2.

4.3. FUNN

INNGÅTTE RAMMEAVTALAR

Gjennom eit innkjøpssamarbeid med Ålesund kommune har Giske inngått ein rekke rammeavtarar. Tilsendt avtaleoversikt vis 115 rammeavtarar som Giske kommune har. I vedlegg 5 ligg det oversikt over alle inngåtte rammeavtarar med innkjøpssamarbeidet.

I oppstartsmøte og i intervju, fortel kommuneadministrasjonen at dei ikkje har eigne inngåtte rammeavtarar, men at det er mogleg det burde ha vore gjort.

På eigedomssida er det generelt stor bruk av sørvisavtarar for reparasjonar, og ein rammeavtale for særleg elektrikartenester burde vore på plass. Giske har ikkje investert i større nybygg siste åra.

Rammeavtalane som ligg under innkjøpssamarbeidet inneheld eit punkt om berekraft, medan berekraftsaspektet kjem svakare fram i Giske sine eigne avtarar. Imidlertid er kommunen i gang med å utarbeide eit klimabudsjett. Kommuneadministrasjonen fortel at det generelt er utfordrande å vekke berekraftskriterier i tildelingsprosessen, men at ein leverandør viser til for eksempel status som miljøfyrtårn tel positivt.

BRUK AV RAMMEAVTALANE – TILBAKEMELDING TILSTETTE

I spørjeundersøkinga svarar 17% at dei har oversikt over alle rammeavtalane som er inngått i kommunen. 60% svarar at dei har oversikt over rammeavtalar som gjeld for sitt tenesteområde. 23% har ikkje oversikt over rammeavtalar som kommunen har inngått.

54% veit kor dei kan finne ei oversikt over inngåtte rammeavtalar, medan 26% svarar nei. 20% svarar at dei ikkje veit.

Nesten halvparten (46%) oppgjer at dei alltid nyttar rammeavtalar ved innkjøp når slike avtalar ligg føre, medan rundt 40% oppgjer å nytte dei høvesvis «ofte» og «av og til». 11% nyttar aldri rammeavtalar for sine innkjøp og anskaffingar.

BRUK AV RAMMEAVTALAR 2021-2022

Vi har gått gjennom rekneskapen for 2021-2022 og sett på brukte leverandørar opp mot leverandørar i rammeavtalen. Oversikten viser kva slags leverandørar som er nytta ved innkjøp på dei ulike kontoane for drift.

Kont o/art	Kontonavn	Beløp jfr. Lev.reskontr o 2021 og 2022	Brukte leverandørar (beløpets størrelse i sinkende rekkefølge. Utheva skrift er leverandørar i rammeavtalen)	Leverandørar i rammeavtale
1105	Lærebøker	1 495 384	Cappelen Damm AS, H. Aschehoug & co, BS Undervisning AS , Ark Bokhandel + andre mindre	BS Undervisning
1110	Medisinsk forbruksmateriell	2 726 132	Ødegaard Engros AS , OneMed AS, Apotek1 Giske, Norsk Medisinaldepot AS + andre mindre	Ødegaard Engros AS og Norsk Medisinaldepot AS
1115	Mat- og aktivitetspengar	6 038 549	Sunnmøre Engros, Tine BA , H.I.Giørtz Sønner A/S, Ole Ringdal A/S, Bama Storkjøkken + andre mindre	Tine BA Bama storkjøkken AS
1120	Reinholdsmateriell	1 429 553	Ødegaard Engros AS + andre mindre	Ødegaard Engros AS
1129	Anna forbruksmateriell	2 538 648	Norske filter, Empakk AS, Ødegaard Engros AS , Låssenteret AS + andre	Ødegaard Engros AS, Låssenteret AS
1132	Datakommunikasjon	2 352 801	Crayon AS , Tafjord Connect AS, Tafjord Marked AS, Atea AS , Visma Unique AS , Telenor Norge AS + andre mindre	Crayon AS, Atea AS, Visma Unique AS, Telenor Norge AS
1170	Driftsutgifter bilar/maskiner	2 586 886	Lease Plan Norge AS , Wex Europe Servicesenter AS, Bunker Oil AS + andre mindre	Lease Plan Norge AS
1171	Vedlikehald/service bilar/maskiner	2 152 576	Nextcar AS, Volvo Maskin Service, Bil og Mekanske AS, Lieds Verktøy AS	
1180	Straumutgifter/ Oppvarming	7 423 303	Entelios	Entelios

1196	Lisensar/Dataprogram	18 271 744	Visma Unique AS , Norkart AS, Acos AS , Atea AS, Oneco Technologies AS, Nye Ålesund kommune, Crayon AS + andre	Visma Unique AS, Acos AS, Crayon AS
1200	Kjøp av inventar og utstyr	3 916 274	Tafjord K AS, Power Ålesund, Grande interiør AS , Ålesund Elektro AS, Atea AS , Jysk AS, Ødegaard Engros AS , Europris Butikkdrift AS + andre	Grande Interiør, Atea AS, Ødegaard Engros AS
1205	Kjøp av IT-utstyr	2 556 663	Atea AS	Atea AS
1211	Leasing av transportmidlar	2 177 725	Lease Plan Norge AS	Lease Plan Norge AS
1224	Leige av maskiner og utstyr	3 411 502	Den norske bank ASA, Sharp Nordic Finans (de Lage Landen)	
1230	Vedlikehald bygg	4 793 431	Ålesund elektro AS, Caverion Norge AS, Nime AS, Godøy Bygg AS, Giske Anlegg AS, Svenn Ove Fosse, VVS Rørlegger AS + andre.	
1240	Serviceavtaler/ reparasjonar EDB	3 361 447	Visma Unique AS , Crayon AS , Normatic AS + andre mindre	Visma Unique AS, Crayon AS
1241	Serviceavtaler/ reparasjon utstyr	2 556 138	Aqua & care AS, Kontorsystemer AS + andre	
1242	Serviceavtaler/ reparasjon anlegg	4 849 356	Giske anlegg AS, Odd Christian Stenerud, Jogeir Giske, Røsvik Maskin & transport,	
1270	Konsulenttenester	4 254 834	Bergen Kapital Management AS, KS Konsulent, Ikaro Solutions AS, Momentum Solutions AS	

Tabell: Leverandørar brukt i samanheng med innkjøp på utvalde konti samanlikna opp mot rammeavtalar.

I tabellen kjem det fram at det er enkelte kjøp av leverandørar som utgjer store beløp som kommune ikkje har rammeavtale på, men at også rammeavtalane blir brukt ved innkjøp. For dei største kjøpa utom rammeavtalar finn vi mellom anna mat- og aktivitetspengar, forbruksmateriell, inventar og utstyr, leige av maskiner og utstyr, vedlikehald bygg, serviceavtaler/ reparasjon utstyr og anlegg og konsulenttenester.

BRUK AV E-HANDEL

Kjøp gjennom rammeavtalane skal så langt det er mogleg gjerast gjennom elektronisk handel. E-handel omfattar ikkje berre kjøp og sal av varer og tenester, men gjeld alle former for handel. Vi har mottatt ei fil som viser ordrar gjort ved e-handel i revisjonsperioden (2021-22). Vi kan sjå at det er gjort innkjøp for rundt 8 660 000 kroner fordelt på 14 000 kjøp gjennom 12 rammeavtalar. Det er 43 bestillarar fordelt på 36 einingar i kommunen. Til samanlikning er det totalt 57 bestillarar i Giske kommune. Her er ein fremstilling av leverandørar det er handla inn gjennom e-handel, med sum og totale tal på kjøp:

Leverandør	Sum	Tal på kjøp
Ahlsell Norge AS	18 500	15
Atea AS	600	1
AV Form AS	64 700	286
Bama Storkjøkken AS	187 000	920
BS Undervisning AS	200 000	184
Creative Company AS	100 000	850
H.I. Giørtz Sønner A/S	820 000	346
Lyreco Advantage Norway AS	280 000	902
Onemed AS	160 000	447
Sunnmøre Engros	2 700 000	4624
Tine BA	950 000	2170
Ødegaard Engros AS	3 140 000	3665

Det blir handla inn mest gjennom Ødegaard Engros AS, Sunnmøre Engros, Tine BA og H.I. Giørtz Sønner A/S.

Frå spørjeundersøkinga ser vi at majoriteten (89%) er kjende med e-handel. Halvparten av respondentane svarar at dei har fått opplæring i systemet. 60% av respondentane oppgjer at leiaren deira har uttrykt forventning om at e-handel skal nyttast. På spørsmål om dei nyttar e-handel dersom det er mogleg, svarar 63% at dette alltid gjerast, 17% svarar at dette ofte gjerast, 9% svarar at dette gjerast «av og til», og 11 % svarar at dei aldri nyttar e-handel.

Dei som ikkje nyttar e-handel oppgjer mangel på kunnskap (43%) og kompliserte system som hovudårsakar (29%). Det kjem vidare fram at opplæring, tilgjenge, bevisstgjerung og krav frå leiar ville fått fleire til å nytte e-handel.

4.4. VURDERING FRÅ REVISOR

Giske kommune skal ha ein oppdatert oversikt over alle inngåtte rammeavtalar.

Vi vurderer at dette revisjonskriteriet ikkje fullt ut er oppfylt.

Gjennom eit innkjøpsamarbeid med Ålesund kommune har Giske inngått ein rekke rammeavtalar. Kommuneadministrasjonen angjev det er mogleg at burde ha vore inngått rammeavtalar på enkelte område. I spørjeundersøkinga svarar 17% at dei har oversikt over alle rammeavtalane som er inngått i kommunen, og 60% svarar at dei har oversikt over rammeavtalar som gjeld for sitt tenesteområde. 23% har ikkje oversikt over rammeavtalar som kommunen har inngått. 54% veit kor dei kan finne ei oversikt over inngåtte rammeavtalar, medan 26% svarar nei. 20% svarar at dei ikkje veit. Vi vurderer det som at

kommunen har ein oppdatert oversikt over inngåtte rammeavtalar, men at desse ikkje er fullt ut kjend for dei tilsette. Med bakgrunn i opplysningar frå kommunen, vurderer vi det også som at det finns område der det mogleg burde ha vore inngått rammeavtalar.

Giske kommune skal bruke dei rammeavtalane som til ei kvar tid gjeld.

Vi vurderer at dette revisjonskriteriet ikkje fullt ut er oppfylt.

I spørjeundersøkinga, oppgjer nesten halvparten at dei alltid nyttar rammeavtalar ved innkjøp når slike avtalar ligg føre, medan rundt 40% oppgjer å nytte dei høvesvis «ofte» og «av og til». 11% nyttar aldri rammeavtalar for sine innkjøp og anskaffingar. Vi meiner det her finns eit forbettingspotensial i bruk av rammeavtalane.

Med bakgrunn i vår gjennomgang av bruk av rammeavtalane, kan vi sjå at det blir kjøpt varer og tenester både i og utanom rammeavtalar. Oversikta vår viser at det er enkelte kjøp gjennom leverandørar som ikkje er i ein rammeavtale, og at dette utgjer store beløp.

Giske kommune har ei rekke serviceavtalar, med mellom anna Ålesund elektro. Vi meiner at kommunen bør gjere ein gjennomgang av alle serviceavtalane og vurdere om det kan vere tenleg å la desse anskaffingane vere omfatta av rammeavtalar.

Giske kommune bør nytte e-handel der dette er tilrettelagt.

Vi vurderer at revisjonskriteriet er oppfylt men at det er nokon forbettingspunkt.

Kjøp gjennom rammeavtalane skal så langt det er mogleg gjerast gjennom elektronisk handel. E-handel omfattar ikkje berre kjøp og sal av varer og tenester, men gjeld alle former for handel. Vi har mottatt ei fil som viser ordrar gjort ved e-handel i revisjonsperioden (2021-22).

Frå spørjeundersøkinga ser vi at nærare 90% er kjende med e-handel. Halvparten av respondentane svarar at dei har fått opplæring i systemet. Rundt 60% oppgjer at leiaren deira har uttrykt forventning om at e-handel skal nyttast, og om lag den same delen nyttar e-handel dersom mogleg. 11 % oppgjer at dei aldri nyttar e-handel.

Dei rundt 40% som ikkje nyttar e-handel oppgjer mangel på kunnskap og kompliserte system som hovudårsakar. Det kjem vidare fram at opplæring, bevisstgjering og krav frå leiar ville fått fleire til å nytte e-handel. Vi meiner dette er nyttige tilbakemeldingar kommunen kan bruke i sitt forbettingsarbeid når det kjem til å nytte e-handel.

5. KONKLUSJON OG ANBEFALINGAR

Generelt er det ein stor risiko for å gjere feil når det kjem til gjennomføring av offentlege anskaffingar. Det er difor viktig at dei blir utført i tråd med lov- og forskriftskrav samt kommunen sitt interne regelverk på området. Reglane for anskaffingar er omfattande og til dels kompliserte. Det krev at alle som gjer innkjøp og anskaffingar i kommunen har nødvendig kunnskap om dei reglane som gjeld til ei kvar tid. Dette for å sikre at dei grunnleggjande krava som blir stilt i regelverket blir oppfylt, uansett kva innkjøp eller anskaffing kommunen føretek.

Giske kommune gjer mykje bra når det kjem til gjennomføring av konkurranse. Administrasjonen gir uttrykk for openheit for kor svakheitene ligg, noko vi meiner er positivt. Dei data vi har henta inn viser at det er nokon forbettringspotensial når det kjem overordna strategi, opplæring og kompetanse, og protokoll og skatteattest, samd bruk av rammeavtalane.

5.1. KONKLUSJON PROBLEMSTILLING 1

I den første problemstillinga har vi undersøkt kva slags tiltak Giske kommune har satt i verk for å sikre at regelverket for offentlege anskaffingar blir følgt.

Våre konklusjonar er at det er nokre manglar på innkjøpsområdet når det gjeld internkontrollsystemet. Vi meiner at kommunen bør utarbeide eit eige strategidokument for innkjøp, samt utarbeide ei tydeleg fordeling av ansvar og oppgåver. Når det gjeld fullmakter med presisering av innhald og avgrensingar inkludert beløpsgrenser, viser undersøkinga at kommunen bør tydeleggjere desse fullmaktene ovanfor dei som gjer innkjøp. Dette kan ein til dømes handtere ved at økonomireglementet har eit prinsipp om den leiar som har tilvisingsmynde avgjer kven som har rett til å gjere bestillingar, og at denne avgjersla blir skriftleggjort og sendt over til den som har en funksjon som overordna innkjøpsansvarleg i kommunen.

5.2. KONKLUSJON PROBLEMSTILLING 2

Den andre problemstillinga vi har undersøker er om varer tenester blir kjøpt inn i samsvar med lov og regelverk på området.

Vi har sett på om anskaffingar er utsett for konkurranse, at dei er kunngjort på Doffin.no, om skatteattest er innhenta, og at det er skrive protokoll for anskaffingar.

Vi konkluderer at det vert utarbeidd protokollar som dokumenterer at anskaffingsprosessen er gjennomført ved konkurranse, også for relativt lave beløp. Vi ser like fullt at sjølv innanfor

same avdeling i kommunen vert det nytta forskjellige malar og måtar å dokumentere prosessen på, som kan tyde på at kommunen ikkje har eitt eins sett med rutinar og malar for denne typen dokumentasjon.

Vi konkluderer med at kommunen kunngjer anskaffingar på Doffin.no. Vi meiner det vil vere sentralt for betring av kommunen sin internkontroll og høve til innsyn, at kommunen ser til at all dokumentasjon blir innhenta, kvalitetssikra og arkivert i tråd med kommunelova (25-1) og KS sin rettleiar om internkontroll (2020).

Vi konkluderer med at Giske kommune ikkje innhentar skatteattest ved anskaffing i samsvar med forskrift om offentlege anskaffingar. Ifølge evalueringsskjemaet for ei anskaffing på helse- og omsorgsfeltet vart skatteattestar henta inn for alle tilbydarar, medan vi ikkje kan sjå å ha mottatt slike for dei fleste anskaffingane i teknisk sektor.

5.3. KONKLUSJON PROBLEMSTILLING 3

Vi konkluderer med at Giske kommune har ein oppdatert oversikt over inngåtte rammeavtalar gjennom innkjøpsamarbeidet i Ålesund kommune, men at disse ikkje er fullt ut kjend for dei tilsette.

Med bakgrunn i opplysningar frå kommunen, vurderer vi det også som at det finns område der det mogleg burde ha vore inngått rammeavtalar. Vi meiner at kommunen bør gjere ein gjennomgang av alle serviceavtalane og vurdere om det kan vere tenleg å la desse anskaffingane vere omfatta av rammeavtalar.

Giske kommune skal bruke dei rammeavtalane som til ei kvar tid gjeld, men at det her finns forbetring. Vår gjennomgang vis at det blir handla inn varer og tenester gjennom rammeavtalane, men at det også er store beløp som blir handla inn utanom rammeavtalar.

Kommunen nyttar som hovudregel e-handel der dette er tilrettelagt, men fleire av dei tilsette svarar at dei ikkje har fått opplæring i e-handel. Dei rundt 40% som ikkje nyttar e-handel oppgjer mangel på kunnskap og kompliserte system som hovudårsakar. Det kjem vidare fram at opplæring, bevisstgjerung og krav frå leiar ville fått fleire til å nytte e-handel. Vi meiner dette er nyttige tilbakemeldingar kommunen kan bruke i sitt forbetringsarbeid når det kjem til å nytte e-handel.

5.4. TILRÅDINGAR

Med bakgrunn i våre funn og vurderingar, vil vi rå til at Giske kommune vurderer å:

- Utarbeide eit eige strategidokument for innkjøp med:
 - Tydeleg fordeling av ansvar og oppgåver.
 - Skriftlege fullmakter med presisering av innhald og avgrensingar, inkludert beløpsgrenser.
 - Vurdere å inkludere korleis kommunen skal handtere berekraftsomsyn i anskaffingar i eit slikt strategidokument.
- Sikre kompetanse og opplæring for dei som har roller og ansvar for anskaffingar i kommunen.
- Gje opplæring i e-handel til dei som skal nytte dette.
- Kartlegge om det skal etablerast rammeavtalar på områdar med regelmessige innkjøp.
- Gjere ein gjennomgang av alle serviceavtalane og vurdere om det kan vere tenleg å la desse anskaffingane vere omfatta av rammeavtalar.
- Sikre at det blir krevd skatteattest frå vald norsk leverandør ved anskaffingar som overstig kr 500 000.
- Sikre at lik mal for protokoll blir brukt i heile kommunen.

Vi vil tilrå at kommunen gjere ein gjennomgang av innkjøp av handverkstenestene og sørgje for at alle dei vesentlege tenestetypene blir dekt opp med rammeavtalar, og at det blir utvikla eit system for å registrere og handtere avrop på desse rammeavtalane.

Det ligg ikkje til kommunerevisjonen å gjere konkrete vurderingar med omsyn til kva for ressursbruk som er tenleg innanfor ulike område eller funksjonar. Vi vil likevel til slutt peike på at det er ein risiko for gebyr og erstatningsansvar, om ikkje kommunen sett av nok ressursar til ei overordna oppfølging og kontroll med innkjøp.

LITTERATURLISTE

